

STJERNER BAK SKYER

Du kjøpte ein Opel
med fire slitne dekk
Du skulle reise
til Wien og Moskva, Marokko og Marakesh

Det var så mykje
du aldri kunne få
du ville berre finne ut
kvar alle vegar går

Du skulle kløyve havet
Skape liv av tome skal
Skape tempel av pissoar
og diamantar av krystall
Eg drøymde om
 Stjerner bak skyer
 Og alle sitat
 Vennskap bak fakter
 og dynamiske konglomerat

Stjerner bak skyer
Du snudde deg aldri bak
Med handa på plogen
så var det inga sak

Du skreiv frå Bolivia
Sa du hadde sett Che¹
Gikk i tog i Alabama²
Song om blomster og fred

Du hørde Rudi Dutschke³
Han talte i Berlin
Du ropte at draumen
Skal bli eit heilagt skrin

Du fortalde så mykje
Om ein maharishi i aust⁴
Om ein sigd og ei stjerne
Men fast kan fort bli laust

Eg hugsar du reiste
Har høyrte kvar du kom
Har høyrte alt du gjorde
Og eg tenkjer; tenk om...
 Stjerner bak skyer
 Og alle sitat
 Vennskap bak fakter
 og dynamiske konglomerat

Stjerner bak skyer
Du snudde deg aldri bak
Med handa på plogen
så var det inga sak

og97/10

¹ 1965 Cubansk revolusjonshelt, opphavleg frå Argentina, reiste i 1965 til Kongo og deretter til Bolivia der han vart drepen i 1967. Etter dette fekk han ein slags romantisk heltestatus.

² 1965 Borgarrettsmarsjen frå Selma til Montgomery i Alabama.

³ 1968 Tysk studentleiar og kristensosialist på 1960-talet. Vart skoten av ein høgreekstremist i 1968, overlevde, men døydde i 1979 som følge av skader frå dette attentatet.

⁴ ca1970 t.d. Maharishi Mahesh Yogi, ein guru (meister) i hinduisk vedatradisjon, spreidde metoden Transcendental meditasjon og det indiske helsesystemet Ayurveda. Mest kjend (kanskje) fordi The Beatles var elevar av Maharishi ein periode på 60-talet.